



Kva er det første du
tenkjer på når du
høyrer ordet
«sjørøvar»? Del med
ein læringspartnar.



Finst det sjørøvarar
i verda i dag? Kvar,
trur du?



Sjå nøye på omslaget til
boka på neste side:

Anders Totland

NORSKE SJØRØVARAR

Illustrert av Kristian Krohg-Sørensen



Tenkjeskriv
i to minuttar
om det du la
merke til på
omslaget.





Kvifor er piratar så populære i moderne underhaldning?

Skriv svaret ditt på ein gul lapp, og heng det på tavla.



Læraren les
opp svara.

Mål med økta

Du skal no lese og lære om sjørøvarar i skandinaviske farvatn på 13-, 14- og 1500-talet.

Når du er ferdig, skal du lage ein presentasjon om kva du sit igjen med av informasjon og inntrykk.



Leseoppdrag

Les utdraget «Sjørøvertoket som sette Bergen i brann».

Medan du les, skal du:

- Setje spørjeteikn ved vanskelege ord, noko du ikkje forstår, eller noko du lurar på.
- Setje ropeteikn ved viktige ord eller informasjon du tenkjer er viktig eller interessant.



To og to

Diskuter saman og hjelp kvarandre:

Dette forstod eg ikkje / dette lurar eg på.

Dette tenkte eg var spesielt viktig i teksten.

Grupper på fire

Para går saman med eit anna par (gruppe på fire) og avklarar kva som var vanskeleg, og kva som var spesielt viktig i teksten.

Denne gruppa arbeider saman om å lage presentasjonen.



Lag ein presentasjon for klassa

Her er forslag til kva som kan vere med:

Kven var Kong Albrekt, og kvifor blei han ein slags leiar av sjørøvarar?

Kvifor ville røvarane innta Bergen i 1393?

Kva er så spesielt med Gotland i denne samanhengen?

Kva er kaper og fribyttar?